



Saksbehandlar: Torbjørn Hasund, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/5531-3

Høyanger - Kommunal planstrategi

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet støttar dei vurderingane av utfordringar som er gjort i den kommunale planstrategien for Høyanger kommune
2. Fylkesutvalet forventar likevel at strategien i nokon større grad drøftar dei ulike utfordringane og set overordna retning og mål for det vidare planarbeidet
3. Det vert rådd til å avklare og avgrense formåla med sektorplanane og kommunedelplanane i planstrategien noko betre og vidareføre avklaringane i komande arbeid med samfunnsdelen.
4. Regional planstrategi må i sterkare grad leggjast til grunn for det kommunale planarbeidet, og drøftingane bør vise kva dette inneber for Høyanger
5. Planstrategien bør drøfte Høyanger som del av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion

Vedlegg: Høyanger kommune. Planstrategi 2016 – 2019. Høyringsframlegg

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Høyanger kommune har lagt utkast til kommunal planstrategi ut på høyring. Plan- og bygningslova set krav til kommunane om å utarbeide kommunal planstrategi (KPS). Strategien skal vere kommunen si rettesnor for kommuneplanarbeidet i komande 4-årsperiode. Høyanger vedtok førre planstrategi 21.06.2012.

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjorde vedtak av regional planstrategi (RPS) 14. juni i år. Det er i arbeidet gjennomført prosessar med kommunane for å forankre arbeidet og sikre kopling mellom RPS og dei enkelt kommunale planstrategiane.

Plan- og bygningslova § 10-1 set krav om offentleg høyring av kommunale planstrategiar, og delegeringsreglementet kapittel 3.37 gir fylkesutvalet mynde til å gje uttale på vegne av fylkeskommunen.

2. Vurderingar og konsekvensar

Vi vil gje ros for eit dokument som effektivt er nyitta til å seie noko om behovet for arbeidet, kva rammer som er lagt til grunn for arbeidet og å skildre ulike tenesteområde og andre viktige samfunnsområde i Høyanger. Skildringane er basert på rammer for kommunal verksemd, faktiske tal og statistikk. Det er ei «rett på sak» og god skildring av ulike tema. Prioriterte satsingar og planbehov er oppsummert i eige kapittel i forlenginga av desse skildringane.

Fylkesrådmannen har likevel nokre merknader. Dei går i stor grad på at vi saknar konkrete drøftingar av ulike problemstillingar, inkludert korleis ein kan nytte ulike grep for å løyse

utfordringane. Planstrategien er ikkje ein plan, og den skal ikkje løyse utfordringane, det er det dei enkelte planane som skal gjere. Vi meiner likevel at ein planstrategi, på eit overordna nivå og ein kortfatta måte, skal drøfte ulike måtar å møte utfordringane på, og som set retning på det framtidige planarbeidet.

Fylkeskommunen oppmodar kommunen til å jobbe noko meir med å tydeleggjere utfordringane og satsingsområda. Satsingsområda gjev ulike oppgåver innan fleire av sektorane i kommunen og krev ei bevisst haldning til kommunen som samfunnsutviklar. Kommunen ser ut til å ha eit godt grep om 4-års hjulet, og det er ynskjeleg no å revidere samfunnsdelen til kommuneplanen som styringsdokument, samstundes som fleire sektorplanar og kommunedelplanar skal utarbeidast. Det vert rådd til å avklare og avgrense formåla med sektorplanane og kommunedelplanane i planstrategien noko betre og vidareføre avklaringane i samfunnsdelen.

Regional planstrategi er ikkje nemnt i utkastet. Etter plan- og bygningslova skal regional planstrategi leggast til grunn for det vidare planarbeidet i regionen. Vi meiner det bør vere ein sentral del av ein kommunal planstrategi, å seie nok om korleis kommunen i sitt planarbeid vil halde seg til dei utfordringar og mål som fylkeskommunen skisserer. Fylkeskommunen har ei forventning om at kommunen legg dei regionale hovudutfordringane som er sett opp i RPS til grunn i det vidare planarbeidet.

Også Høyanger kommune er del av ein større region saman med nabokommunar. Kapittel 2.2. tek opp statistikk som viser arbeidspendling ut og inn av kommunen, og de skriv og at Høyanger kommune i større grad er integrert i ein større bu- og arbeidsregion. Men det vert ikkje vidare drøfta kva utfordringar og moglegheitene som ligg i det å vere ein del av ein slik region. Samfunnsdel, arealdel og andre kommuneplanar og sektorplanar vil måtte halde seg til ei slik verkelegheit, og planstrategien burde drøfte kva det betyr for Høyanger.

3. Konklusjon

Strategien er god på å skildre rammer, nosituasjon og utfordringar for Høyanger kommune.

Strategien bør i større grad drøfte dei ulike utfordringane, det vil seie peike på moglege strategiar og løysingar, og setje overordna retning og mål for det vidare planarbeidet.

Strategien må i større grad kople seg opp mot regional planstrategi og dei løysingane og den utviklingsretninga som vert skissert i den. Vidare bør det gjerast ei drøfting av Høyanger som del av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion.

Det vert rådd til å avklare og avgrense formåla med sektorplanane og kommunedelplanane i planstrategien noko betre og vidareføre avklaringane i det komande arbeidet med samfunnsdelen.

Fylkesrådmannen rår til at denne saksutgreiinga følgjer som vedlegg til saka ved oversending av uttalen til kommunen.